

Søknad

Søknadsnr.	2018-0230	Søknadsår	2018	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018			
Prosjektnavn	Fjordane Virtuelle Campus - Forprosjekt			

Kort beskrivelse

Det sterke miljøet innan elektro, automasjon og ENØK/energiøkonomisering i Nordfjord som konkurrerer nasjonalt og internasjonalt, har store utfordringar med rekruttering av rett kompetanse for å kunne ekspandere vidare. I tillegg ser bedriftene eit større utviklingspotensial i innovasjonsarbeidet med tettare samarbeid med nasjonale/internasjonale FoU-miljø. Dette kan skape nye løysingar i regionen på tvers av fag og bransjar, i ein "campus" som har ein virtuell og fysisk del.

Prosjektbeskrivelse

No ser vi den digitale revolusjonen endrar føresetnadane for måten ein gjennomfører arbeidsprosessar både i privat og offentleg sektor, og naturlegvis innan undervisning. Korleis kan vi i Nordfjord-regionen som ikkje har høgskuleinstitusjon utnytte dette ved å tenkje nytt i måten vi samhandlar i innovasjonsarbeid på tvers av aktør-roller?

Dette er utgangspunktet for at bedrifter i regionen tok initiativ til eit samarbeid med, kommune og vidaregåande skule for å gjennomføre eit forstudie for å sjå korleis ein kan møte denne utfordringa som og opnar opp nye mulegheiter. Ideen bak FJORDANE VIRTUELLE CAMPUS (FVC) er å utvikle eit «campus-område» som femner om:

- Ein virtuell del; ein arena for læring og innovasjon mellom regionale innovative aktørar og med høgskule- og FoU aktørar nasjonalt og internasjonalt.
- Ein fysisk del; Nordfjord Sjukehus, Eid vidaregåande skule og Nordøyane der Normatic i dag held til. I dette området er der ei eksisterande byggmasse som kanskje kan utnyttast enda betre, men samtidig og eit stort areal for å bygge nytt i høve dei behova ein avdekkjer.

Ei felles utfordring for alle type aktørar er mangelfull tverrfagleg samhandling. Dette medfører at det ofte blir dårlege løysingar som blir realisert eller at sjølve gjennomføringa er lite effektiv. Vi meiner at det i tillegg ligg eit stort potensiale i å blande kompetente personar frå ulike fagområde med relatert kompetanse, som t.d. helse og IT, for å tenkje nytt på korleis ein løyser viktige utfordringar for samfunnet. Det er i slike skjeringspunkt vi skal skape nye arbeidsplassar i regionen. Vi byggjer på den kompetansen vi har i bedriftene og gjennom NVC skal vi sørge for at dette blir kryssa med komplementær kompetanse på andre område – uavhengig av lokalisering. NVC skal såleis vere ein kanal for bedrifter lokalisert på ulike stadar i Nordfjord. NVC er ein node i eit globalt system, og bedrifter elles kan bli ein del av dette.

Ei anna felles utfordring er rekruttering, og der attraktive bedriftsmiljø og bumiljø er viktige. Det er derfor viktig å utvikle kompetansesarbeidsplassar som gjer det attraktivt for ungdommen å etablere seg i regionen. Gjennom NVC vil ein kunne tilby karriereveggar frå vidaregåande, gjennom innovative

bedrifter og til høgskuleutdanning. Gjennom dette løpet vil ein og kunne få høve til å jobbe i FoU prosjekt.

For dei regionale bedriftene er det viktig å utvikle dei posisjonane kvar har innanfor sine eksisterande forretningsområde. Skal ein klare dette i den raske teknologiske utviklinga, føreset det at dei er på høgde med det beste som finst i verda. I tillegg kan altså denne kompetansen brukast som grunnlag for ny forretningsutvikling i samarbeid med bedrifter innan andre fagområde.

Innan helsesektoren er det fokus på at pasientane skal behandlast mest mogleg heime. Dette inneber eit tettare samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Ved hjelp av teknologi kan ein fjernbehandle pasientar. E-helse er såleis iferd med å bli eit av dei store nasjonale satsingsområda. Korleis kan bedriftsmiljø i Nordfjord med høg kompetanse på digitalisering av ulike arbeidsprosessar nytte dette og inn på området som helse? Dette er eit døme på korleis vi tenkjer utviklingsarbeid gjennom NVC, og som vil måtte skje i samarbeid med kommune og Helse Førde.

Sett frå nasjonale og internasjonale FoU aktørar så treng dei relevante bedrifter til å vere med å gjennomføre demo-prosjekt i ulike land. Dei har behov for bedrifter som kan implementere nyutvikla løysingar og som kan å tenke innovativt i utføringa (dyktige handverkarar). Bedrifter som er med i dette forstudiet, er allereie involvert i to EU-søknadsprosjekt saman med FoU aktørar i andre land. Vi veit derfor allereie at vårt miljø er attraktivt for slike partnerar.

Korleis vil undervisning på vidaregåande skular og høgskular foregå i framtida? På kva måte vil den digitale revolusjonen endre sjølve læringsarenaen? Vi ser for oss at det blir meir av «virtuelle» klasserom. Dette inneber at ein kan ta del i dette uavhengig av lokalisering. NVC skal vere ein plass der ein kan skreddarsy kurspakkar og utdanningsløp til den enkelte.

Døme på internasjonalt fou prosjekt:

RETROKIT er eit EU finansiert prosjekt (avslutta i 2016) der Segel var ein av partnarane. Prosjektet handla om å utvikle kostnadseffektive prefab løysingar til oppgraderingar av bustadblokker i Europa. Der var i alt 18 partnarar frå 10 land, og omfatta både bedrifter og FoU aktørar.

<http://www.buildup.eu/en/explore/links/retrokit-project-0>

Lokalisering av den fysiske delen:

* Normatic sitt kontorbygg og nabotomt på 16 mål med stort utbyggingspotensiale.

*Eid vidaregåande skule med verkstad og demobygg, kultursal og kinosal, kantine

*Nordfjord sjukehus og Wennsenteret som har kurslokale for m.a. demo av energieffektive løysingar.

På nabotomta til Normatic vil vi utvikle ei bedriftsklynge der målet er å samle komplementære (men og i noko grad konkurrerende) bedrifter som spenner frå automasjon og digitalisering, bygg og arealplanlegging, tenesteleverandørar til helsesektoren og rådgjeving innan innovasjon- og forretningsutvikling. Bedrifter som i denne innleiande fasen har synt interesse for desse planane i tillegg til Normatic er; Nordplan, Caverion, Fjordvarme, Moderne Varme, Eid Elektro og Segel.

Det er enno ikkje utarbeida noko skisse av bygg, sidan vi har hovudfokus på å definere innhaldet (som igjen er avhengig av kven som til slutt vil vere med). Det er og eit spørsmål i kva grad ein kan gjere nytte av eksisterande fasilitetar på dei tre lokasjonane.

Sett ifrå bedriftene er det ønskeleg med slike funksjonar som evt kan fordelast på ulike bygg:

- Tverrfagleg klynge av bedrifter med høg grad av innovasjonsevne og med støttefunksjon på innovasjonsprosessar og forretningsutvikling (m.a. ved tverrfaglege workshops).
- Testlab og demofasilitetar
- Opplærings- og treningsfasilitetar (for tilsette og kundar)
- Kanal til andre komplementære bedrifter, FoU aktørar og undervisningsmiljø.
- Logistikkcenter for den utførande delen av verksemdene

Initiativbedriftene Normatic, Nordplan, Fjordvarme, Caverion, Eid Elektro, Moderne og Segel har nyleg gjennomført forstudiet for denne prosjektideen. I dette arbeidet er det jobba med både å konkretisere prosjektideen og forankre den hos fleire aktørar. I prosjektplanen som er vedlagt denne søknaden er dette skildra meir detaljert. Ein har forankra dette hos bedrifter frå heile regionen, samt at Nordfjordsrådet har vurdert prosjektideen og gir si fulle støtte. Både Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Sogn og Fjordane er særst positive til planane og blir med i det vidare arbeidet. Dei har peika på at den leiande posisjonen dette fagmiljøet har i fylket, inneber at ein i det vidare arbeidet bør tenke vidare enn Nordfjord. Derfor er og arbeidstitelen på prosjektet endra til Fjordane Virtuelle Campus (i staden for Nordfjord).

Ei anna viktig avklaring som er gjort, er at Helse Førde ser på grensesnittet teknologi og helse som svært interessant og relevant for dei, i tillegg til at dei har eit sterkt fokus på energieffektive bygg. Derfor ønskjer dei å engasjere seg aktivt i det vidare arbeidet der både toppleinga i Førde og lokalsjuehuset blir involvert.

Prosjektet vart presentert for Kunnskapsdepartementet v/ Statssekretær Rebekka Borsch og embetsverket i møte i juni 2018. Ho hadde følgjande kommentar til prosjektet:

"Jeg er virkelig imponert over jobben det lokale næringslivet og Eid kommune og har gjort så langt for å løfte og konkretisere planen om Nordfjord Virtuelle Campus. Prosjektet passer veldig godt inn i regjeringens strategi om å knytte samme utdanning, forskning og bedrifter enda bedre og gi flere mulighet til etter- og videreutdanning – uansett hvor folk bor og jobber. På besøket mitt fikk jeg tydelig inntrykk av at i Eid jobber videregående skole, lokale bedrifter og kommunen tett sammen og deler samme høye ambisjonsnivå".

Denne søknaden gjeld støtte til gjennomføring av eit forprosjekt

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Fleire prosjekteigarar representert ved Normati AS Org.nr:979746628	Sjøgata 103 6770 NORDFJORDEID	95190851
Kontakt- person	Segel AS	Øyane 11 6770 NORDFJORDEID	90898370
Prosjekt- leder	Trond Haavik	Øyane 11 6770 NORDFJORDEID	90898370

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Dette prosjektet har fått støtte frå kommunalt næringsfond for gjennomføring av forstudie som no er fullført. Det vedlagde prosjektplanen for forprosjektet er sluttdokumentet for forstudien.

Spesifikasjon

Bakgrunn

I analysearbeidet «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» vart fylket sin attraktivitet i høve kunnskapsbaserte næringsmiljø med høg innovasjonsgrad og tiltrekkingskraft på spesialisert kompetanse analysert slik:

- Fylket må få desse faktorane til å spele godt saman: - Bustadkvalitet - Arbeidsmarknad - Næringsliv - Kunnskapsmiljø
- Arbeidsmarknads-, kunnskaps- og næringsregionane må bli større gjennom meir effektiv infrastruktur for å oppnå kritisk masse («sjølvopphaldande omfang»)
- Fylket bør prioritere verkemidla mot eit avgrensa sett av næringar / kompetanse-område der vi har føresetnader for å lukkast i nasjonal og internasjonal konkurranse
- For å kompensere for at vi er få innbyggjarar, bør vi legge vekt på gode samhandlingsprosessar (inkl. digital samhandling).

Summert; medan konkurransen tidlegare handla om tilgang til naturressursar, billeg arbeidskraft eller gunstige skattevilkår, dreiar lokaliseringskonkurransen i aukande grad mot tilgang på relevant kompetanse, kunnskapsmiljø og kunderelasjonar. Vi går frå kostnadskonkurranse til kunnskapskonkurranse.»

Dette er det og vist til i «Kunnskapsgrunnlag og utfordringar» som er eit vedlegg til Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020. I Verdiskapingsplanen for fylket 2014-2025 heiter det:

«Fylket må tilby attraktive arbeidsplassar. Vi konkurrerer om kvar folk skal velje å busetje seg, og vi konkurrerer om kvar dei utfordrande arbeidsplassane vert etablerte. Flinke folk er den viktigaste ressursen vår. Hovudstrategien er derfor:

- nyskaping basert på dei naturgjevne fortrinna vi har
- å vere attraktive for folk som vil skape arbeidsplassar

- å legge til rette for kompetanseutvikling, basert på både tradisjonar, handlag, yrkesfag og på akademisk kunnskap.»

Utfordringane det her er peika på er noko som bedriftene i regionen vår erfarer dagleg. Det er ein kamp om å rekruttere i ein tøffare arbeidsmarknad (for bedriftene) i ein distriktsregion som Nordfjord. Likevel har vi klart å utvikle eit sterkt kompetansemiljø innan elektro og automasjon i Nordfjord og med tyngdepunkt i Eid. Men vi ser at vi må tenke større, spesielt for at når vi i distrikta skal rekruttere så må vi tenke attraktive arbeidsplassar til begge to i paret. Det skal og vere mogleg å skifte jobb innan same geografiske område. Noko av det vi trur kan auke attraktiviteten, er å skape eit innovativt miljø med sterk kopling både til utdannings- og forskingsmiljø. Dette vil gje høve til auka fokus på tverrfagleg samarbeid i ulike retningar.

Samtidig peikar partane i arbeidslivet (NHO og LO) på følgjande nasjonale utfordring:

«Arbeidsmarkedet er i stor endring. Det er derfor viktig at universitetene og høgskolene evner å tilpasse seg de omstillingene med tilhørende kompetansebehov som vi ser i bransjene.»

Det er altså viktig at ein får etablert nye måtar korleis næringslivet samarbeidar med undervisningsinstitusjonar og forskingsmiljø. I ein region som Nordfjord der ein ikkje har faste etablerte høgskular, er dette spesielt utfordrande.

Attraktiv node

For å auke attraktiviteten til bedriftene innan dei tekniske faga i regionen, vil ein utvikle ein «virtuell» innovasjons- og kompetansearena som gjev utviklingsrom både for unge talent så vel som nye og etablerte bedrifter som vil utvikle si internasjonale konkurransevne. Det handlar derfor om å etablere ein «node» som skal vere attraktiv både i eit regionalt perspektiv så vel som nasjonalt og internasjonalt. Plattforma for «noden» vil vere ei samlokalisering av bedrifter med spisskompetanse innan elektro og automasjon, byggfagleg planlegging og rådgjeving, fornybar energi og forretningsutvikling, nær den vidaregåande skulen og Nordfjord sjukehus.

Tverrfagleg samhandling

Ei felles utfordring for alle type aktørar er mangelfull tverrfagleg samhandling. Dette medfører at det ofte blir dårlege løysingar som blir realisert eller at sjølv gjennomføringa er lite effektiv. Vi meiner at det i tillegg ligg eit stort potensiale i å blande kompetente personar frå ulike fagområde, som t.d. helse og IT, for å tenkje nytt på korleis ein løyser viktige utfordringar for samfunnet. Det er i slike skjeringspunkt vi skal skape nye arbeidsplassar i regionen. Vi byggjer på den kompetansen vi har i bedriftene og gjennom FVC skal vi sørge for at dette blir kryssa med komplementær kompetanse på andre område – uavhengig av lokalisering. FVC skal såleis vere ein kanal for bedrifter lokalisert på ulike stadar i Nordfjord. FVC er ein node i eit globalt system, og bedrifter elles kan bli ein del av dette.

Sentralt i ideen er derfor å fokusere både på tverrfaglegheit på tvers av fag og ikkje minst tettare integrasjon mellom ulike nivå (som t.d. høgskule og vidaregåande skule).

Rekruttering for framtida

Ei anna felles utfordring er rekruttering, og der attraktive bedriftsmiljø og bumiljø er viktige. Det er derfor viktig å utvikle kompetansearbeidsplassar som gjer det attraktivt for ungdommen å etablere seg i regionen. Gjennom FVC vil ein kunne tilby karriereveggar frå vidaregåande, gjennom innovative bedrifter og til høgskuleutdanning. Gjennom dette løpet vil ein og kunne få høve til å jobbe i FoU prosjekt.

For dei regionale bedriftene er det viktig å utvikle dei posisjonane kvar har innanfor sine eksisterande forretningsområde. Skal ein klare dette i den raske teknologiske utviklinga, føreset det at dei er på høgde med det beste som finst i verda. I tillegg kan altså denne kompetansen brukast som grunnlag for ny forretningsutvikling i samarbeid med bedrifter innan andre fagområde.

Relatert kompetanse

Innan helsesektoren er det fokus på at pasientane skal behandlast mest mogleg heime. Dette inneber eit tettare samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Ved hjelp av teknologi kan ein fjernbehandle pasientar. E-helse er såleis iferd med å bli eit av dei store nasjonale satsingsområda. Korleis kan bedriftsmiljø i Nordfjord med høg kompetanse på digitalisering av ulike arbeidsprosessar nytte dette og inn på området som helse? Dette er eit døme på korleis vi tenkjer utviklingsarbeid gjennom FVC, og som vil måtte skje i samarbeid med kommune og Helse Førde.

Bedriftene i klynga har allereie demonstrert at dei har teke utvikla innovasjonar inn på nye forretningsområde. Døme på dette er Eid Elektro si satsing mot tunnelmarknaden og Normatic si satsing mot maritim sektor. Gjennom denne satsinga håpar vi at ein kan gjere enda meir grenseprengande bruk av innovasjonar på tvers av bransjar og bruksområder.

Læring som del av kreative prosessar

Sett frå nasjonale og internasjonale FoU aktørar så treng dei relevante bedrifter til å vere med å gjennomføre demo-prosjekt i ulike land. Dei har behov for bedrifter som kan implementere nyutvikla løysingar og som kan å tenke innovativt i utføringa (dyktige handverkarar). Bedrifter som er med i dette forstudiet, er allereie involvert i to EU-søknadsprosjekt saman med FoU aktørar i andre land. Vi veit derfor allereie at vårt miljø er attraktivt for slike partnerar.

Korleis vil undervisning på vidaregåande skular og høgskular gå føre i framtida? På kva måte vil den digitale revolusjonen endre sjølve læringsarenaen? Vi ser for oss at det blir meir av «virtuelle» klasserom. Dette inneber at ein kan ta del i dette uavhengig av lokalisering. FVC skal vere ein plass der ein kan skreddarsy kurspakkar og utdanningsløp til den enkelte.

Ideen bak FJORDANE VIRTUELLE CAMPUS (FVC) er å utvikle eit «campus-område» som femner om:

- Ein virtuell del; ein arena for læring og innovasjon mellom regionale innovative aktørar og med høgskule- og FoU aktørar nasjonalt og internasjonalt.
- Ein fysisk del; Nordfjord Sjukehus, Eid vidaregåande skule og Nordøyane der Normatic i dag held til og med tilhøyrande ledig tomteareal på 16 mål. I dette området er der ei eksisterande byggmasse som kanskje kan utnyttast enda betre, men samtidig og eit stort areal for å bygge nytt i høve dei behova ein avdekkjer.

Vi viser til figur på s 5 i prosjektplanen som er vedlagt.

Prosjektmål

Hovudmål for hovudprosjektet er:

- Etablere ein virtuell node som bedriftene kan nytte som plattform:
 - o for samspel med andre bedrifter og FoU-miljø som er lokaliserte andre stadar til innovasjonsutvikling
 - o for eigne tilsette og andre som ønskjer tilbod om etter og vidareutdanning som er spissa inn mot kunnskap bedriftene har behov for
- Utvikle ein fysisk «campus» som tek utgangspunkt i eksisterande byggmasse ved Nordfjord Sjukehus, Eid vidaregåande skule og på Nordøyane, samt utvikling av nytt areal som kan gje rom for bedrifter som innan fagområda ønskjer samlokalisering.

Forprosjektet sine mål (det denne søknaden gjeld):

- Finne ut korleis bedriftene i klynga i dag jobbar med innovasjon og kva som pr. i dag er dei største utfordringane. Det same blir gjort for dei andre aktørane det er aktuelt å samarbeide med i regionen, inkl. vidaregåande skular og Helse Førde
- Avdekke kompetansebehovet – i dag og dei komande åra
- Avdekke fysiske plassbehov som ikkje er dekkja idag
- Få konkretisert eksisterande areal i området som kan vere aktuelt å nyttiggjerast i større grad enn i dag (hos ulike aktørar)
- Konkretisere innhaldet i den «virtuelle» delen
- Konkretisere behov for nytt areal; type, funksjon og omfang
- Konkretisere den fysiske campusen, både m.o.t. endra bruk av eksisterande bygg og nytt/nye bygg
- Avklare organiseringa av det innhaldsmessige og driftsmessige på tvers av selskap

Forankring

Initiativtakarane til prosjektet som har medverka i forstudiet er:

- Nordplan
- Normatic
- Caverion
- Eid Elektro
- Fjordvarme
- Moderne Varme
- Segel

Alle bedriftene har dessutan ei utfordring med å tilby arbeidstilhøve som kan vere attraktive for dyktige talent i framtida. Ein ønskjer derfor å kunne vere ein del av eit miljø der innovasjonsarbeid (som det allereie skjer mykje av i desse bedriftene) flyt saman med kontinuerleg kompetanseutvikling. Ønska verktøy i denne samanheng er lettare tilgang på bedriftsrelevante etterutdanningstilbod og tilgang til relevante FoU miljø og bedrifter andre stadar. I tillegg må det på plass infrastruktur av fasilitetar som møter dei unge (gjerne med meir urbane haldningar) sine forventningar.

Sjølv om ein del av desse bedriftene er konkurrentar på nokre område, har ein felles interesse i å skape eit attraktivt miljø for dei unge personane som skal utvikle miljøet vidare.

Ein har i arbeidet lagt stor vekt på å sikre brei forankring hos både bedrifter vidare i regionen, samt andre offentlege aktørar og forskingsinstitutt internasjonalt. Nedanfor viser vi korleis dette er relatert til dei andre aktørane.

Vidaregåande skule

Eid vidaregåande skule har i årrekkje samarbeida tett med elektro og automasjonsbedriftene i Nordfjord. Skulen har vore ein viktig føresetnad for at bedriftene har kunne rekruttere fagutdanna. Skulen representert ved leiinga har vore engasjert i forstudiet og ønskjer å bidra aktivt og vidare i forprosjektet.

Som følge av utfordringa om manglande tverrfagleg samspel i byggebransjen, er det viktig at ein i forprosjektet og kan involvere dei andre vidaregåande skulane som har komplementære fagutdanningar.

Som del av forstudiet så hadde initiativtakarane og møte med eigaren av skulen; Sogn og Fjordane ved Opplæringsavdelinga, Næringsavdelinga og Bygg og eigedom. Tilbakemeldinga i møtet var at temaet og er sentralt i fylket sin Verdiskapingsplan, og er såleis spennande. Det blir peika på at i det vidare arbeidet er det viktig å legge vekt på kva prosjektet skal løyse av regionale utfordringar som; rekruttering (ulike typar), styrking av den vidaregåande opplæringa i regionen, stø opp om større industrielle satsingar, og auke den samla verdiskapinga i regionen.

Bedrifter andre stadar

Som del av forstudiet har ein hatt samtalar med bedrifter andre stadar som kan ha interesse i at desse planane vert realiserte. I samtalar med Sætren Installasjon, Henden Elektro og Ulvesund Elektro har dei stadfesta dei same utfordringane med rekruttering, og ser at eit lokalt etter- og vidareutdanningstilbod i regionen ville opna for heilt nye moglegheiter for vidareutvikling av bedriftene deira. Også at tankane om å bygge vidare på det gode elektro- og automasjons-miljøet her i regionen vil vere positivt for deira bedrifter.

I samtale med Nelfo Sogn og Fjordane så er tilbakemeldinga at dette er positivt spesielt med tanke på rekruttering og moglegheiter for vidare opplæring av fagarbeidarar innanfor elektro og automasjon. Dei vil vere med i ideutvikling i forprosjektet om korleis «elektro automasjons bransjen» kan bidra. Dei ser det vidare som viktig at Fagskulen i fylket vert koplå på i den vidare prosessen.

I forstudiet er og døme på teknologibedrifter i regionen blitt kontakta; Ekornes og Nordvestvinduet. Begge bedriftene er oppglødde over satsinga og er interessert i å vere med i vidare prosessar. Dei vil derfor bli involverte i forprosjektet.

Ei anna type bedrift som er blitt kontakta som del av forstudiet er Enøk-senteret i Ørsta (med avdelingar i Ålesund og Vågå), og har heile landet som marknad for tenestene som er knytt til rådgjeving knytt til energieffektivisering relatert til bygg, industri og transport. Selskapet leverer årleg fleire kurs innan temaet. Dei har såleis høg kompetanse relatert til bruk av energi. Som følgje av den raske utviklinga som skjer på teknologi og ulike løysingar, så er det krevjande å stadig halde seg fagleg oppdatert. Om planane som er presentert seier dei:

«Vi meiner at planane som er presenterte er spanande og svært relevante for vår bedrift. Dette gjeld både for vår eigen kompetanseutvikling, men vi ser og at vi kan nytte ein virtuell læringsarena for å selje våre egne kurstilbod i ein nasjonal marknad.»

Kommunar og Helse Førde

Eid kommune har engasjert seg sterkt i forstudiet og ønskjer sterkt at dette skal realiserast.

Dette vert og støtta av Nordfjorderrådet som uttaler:

«Saka er drøfta i Nordfjorderrådet, og tilbakemeldingane er at alle kommunane ser positivt på dette prosjektet. Nordfjorderrådet gjev difor si fulle støtte til at ein går vidare med arbeidet. Nordfjorderrådet ser vidare ein samanheng mellom Nordfjord Virtuelle Campus, og fleire av satsingsområda i rådet sin vedtekne strategi- og handlingsplan. På noverande tidspunkt kan verken Nordfjorderrådet eller kommunane i Nordfjord forplikte seg økonomisk i prosjektet. Dette må ein eventuelt kome attende til».

Eid kommune og nye Stad kommune i samarbeid med Helse Førde er ein av 6 nasjonale pilotar der ein skal utvikle avstandsoppfølging av pasientar. Flest mogleg skal kunne bli behandla heime eller nærast mogleg heime. Dette skal skje gjennom smart bruk av «E-Helse». Nordfjord Sjukehus er allereie langt framme på dette området som føreset tett samarbeid mellom primær- og spesialisthelsetenesta.

Spørsmålsstillinga som kommunane og helseføretaket reiser i denne samanheng, er korleis evt gode løysingar kan utviklast i samarbeid med den delen av næringslivet i regionen som har kompetanse på relevant teknologi. Vellukka utvikling på dette området føreset brukarmedverknad, og det er såleis viktig å bygge vidare på det som finst av kunnskap om dette både i nasjonal og internasjonal forskning. Koplinga til FoU-miljø i den virtuelle campusen er såleis interessant.

I møte med leiinga i Helse Førde har dei stadfesta at desse planane er svært interessante for dei. Det er såpass relevant for heile helseføretaket at dei og ønskjer å involvere toppleiinga i Førde i arbeidet i forprosjektet.

Høgskulemiljø nasjonalt og internasjonalt

I innleiinga i dette dokumentet er det peika på utfordringa med å gje meir næringsretta høgskule utdanning. Problemstillinga vart og stadfesta i eit felles møte mellom initiativtakarane og representantar frå Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Det vart peika på at 4 av 5 av dei som studerer i fylket blir verande her, mens kun 1 av 5 av dei som studerer andre stadar kjem attende. Ved å arbeide tettare saman vil vi og kunne møte denne utfordringa. Dei meiner at dette prosjektet passar som hand i hanske for dei, og dei ønskjer å medverke aktivt i forprosjektet. Forstudiet har ein ikkje hatt direkte kontakt om desse planane til andre enn dei to som er nemnde her. I forstudiefasen var det viktigaste å få involvert dei som er nærast og som kan medverke til å få på plass struktur. Tilbydarar av spesifikke kurs er aktuelt og å omfatte utanlandske tekniske høgskular.

FoU aktørar nasjonalt og internasjonalt

Utgangspunktet frå bedriftene er at ein ønskjer å etablere samarbeid med aktørar som driv med meir bedriftsrelevant FoU arbeid.

I forstudiet har vi sjekka ut i to ulike retningar om ideane våre er av interesse for andre på motsett side:

- Internasjonalt FoU institutt: VTT som er Finnlands største seier at konseptet er unikt og at dei ønskjer å medverke i realiseringa.
- Innovative bedriftsmiljø andre stadar i landet: Smart Construction Cluster i Alta, som ser at vi kan komplimentere kvarandre. Dei er svært interesserte i å medverke vidare og at vi kan samarbeide om metodikk, teknologi og kursverksemd.

Styret i Nordfjordeid Næringshage er positiv til at selskapet kan spele ei sentral rolle knytt til å vere ein fascilitator i "campuset".

Forutan uttalen vi viste til frå Kunnskapsdepartementet, har vi og fått positiv oppbacking frå styreleiaren i Forum for Grøn Energi, Geir Arne Solheim som og er CEO i m.a. Havkraft. Vi viser elles til utaler i den vedlagte prosjektplanen.

Prosjektorganisering

Ansvar til dei ulike aktørane vil endre etter i kva fase vi er i. No i utviklingsfasen har vi eit breidt eigarskap. Når ein går inn i hovudprosjekta vil det vere ulike eigarskap i den fysiske og den virtuelle delen. Dette blir konkretisert i sluttrapporten i forprosjektet.

Prosjekteigarar i utv.fasen : Bedriftene som står bak initiativet, Helse Førde, Eid vidaregåande skule, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet og Eid kommune.

Prosjektansvarleg (PA) : Hans Inge Solheim (Normatic)

Styringsgruppe: : Tore Hjelle (Eid Elektro), Jarle Melheim (Caverion), Arne Steinsvik (Nordplan), Ronny Kjøde (Henden Elektro), Helge Robert Midtbø (Helse Førde), Reidar Grønli (Fagskulen i Sogn og Fjordane) og Alfred Bjørlo (Eid kommune).

Observatør/medlem: : NN, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Referansegruppe : Bedriftene som elles har vore kontakta i

forstudiet. VTT og andre innovasjons- og høgskulemiljø.

Prosjektleder (PL) : Trond Haavik, Segel AS

Prosjektmedarbeidarar (PM): Ivar Bjarte Nord, Nordplan

: Olav Hjelle

: Fleire personar i dei ulike verksemdene blant prosjekteigarane

Grunngjeving for organiseringa:

Sidan dette i seg sjølv er å rekne som eit innovasjonsprosjekt har vi sjekka av mot dei «5 fundament» som må vere på plass for å lukkast med gjennomføringa: 1) Dette må svare på eit reelt behov (viser til innleiing samt behovskartlegginga som skal gjennomførast), 2) Det må kome ei løysing som matchar behovet (utviklinga av dette er det sentrale i forprosjektet), 3) Det må vere ein aktiv pådrivar i prosjektet (PL er engasjert og spesielt ved at han har både interesse/engasjement og svært relevant nettverk for denne ideen), 4) Eit godt team (PA og styringsgruppa har dei beste føresetnadane til å utfylle og backe opp PL. I tillegg inngår spesialkompetanse frå Nordplan på det byggfaglege, mens Olav Hjelle vil bidra i behovskartlegginga og diskusjon om organisering og finansieringsmodellar), 5) Forankring (ein vil involvere andre personar både blant prosjekteigarane men og frå andre aktuelle bedrifter/organisasjonar i workshopar der løysingar blir diskuterte).

Samarbeidspartnere

Vi viser til prosjektplanen der det er nemnt både andre bedrifter, innovasjonsmiljø andre stadar i Norge og utanfor landet, samt offentlege aktørar som kommunar, fylkeskommune og Kunnskapsdepartementet. I tillegg utdanningsinstitusjonar på ulike nivå nasjonalt og internasjonalt.

Elles viser samansettinga av styringsgruppa at den er samansett av personar frå ulike delar av fylket.

Aktivitetar

HA-01 Administrasjon og oppfølging

- Prosjektplanlegging
- Oppfølging av prosjektet.

Ansvar: PL

HA-02: Kartlegge utfordringar og behov til verksemdene i klynga

- Individuelle intervju med kvar verksemd for kartlegging av
 - o Korleis bedriftene i klynga i dag jobbar med innovasjon og kva som pr. i dag er dei største utfordringane:

? Kompetanseutvikling og rekruttering

? Arbeidsprosessane

? Innovasjonsarbeid

- o Basert på dette – kva manglar av:

? Virtuelle behov

? Fysiske behov

HA-03: Kartlegge utfordringar og behov hos andre aktuelle aktørar.

- Individuelle intervju med kvar verksemd
 - o Innhald blir tilpassa etter erfaringane frå HA-02 for at relevansen skal bli best mogleg.
 - o For Eid vidaregåande skule og Helse Førde skal det og kartleggast i kva grad eksisterande fasilitetar kan nyttast av dei andre aktørane

Ansvar PL/PM

HA-04: Konkretisere innhaldet i den virtuelle delen

Arbeidet under dette punktet vil skje i tett samspel med mange aktørar.

- Distribusjon av funna frå HA-02 og HA-03.
- Workshop 1: Fokus på fellesnemnarar for funksjonar
 - o Involvering av alle prosjekteigarane
- Definere første skisse til innhald
 - o Eksterne samarbeidspartar
 - o Tekniske løysingar
 - o Føringar i høve lokalitetar
 - o Kostnads og prismodellar
 - o Evt incubatorteneste
 - o Driftsmodell
- Workshop 2: Diskusjon og bearbeiding av skisse til innhald
 - o Involvering av alle prosjekteigarane samt bedrifter blant referansegruppa
- Utarbeiding av milepælsrapport.

Ansvar: PL/PM

HA-05: Identifisering av relevante bedrifter, høgskular og FoU-miljø andre stadar.

- Kva er gjort andre stadar og kva kan vi lære m.o.t. organisering, driftsmodell og finansiering?
- På kva måte kan ein evt involvere SIVA-systemet?
- På bakgrunn av milepælsrapporten identifisere bedrifter og FoU-miljø/institusjonar/personar som kan bidra i ei vidare satsing.
- Vurdering og anbefaling av dei identifiserte bedriftene, høgskulane og FoU-miljøa/institusjonane i høve til utfordringane til dei involverte verksemdene sine behov.
- Avklare moglegheiter og avgrensingar for vidare prosjektdeltaking frå aktuelle bedrifter, høgskular, FoU-institusjonar og SIVA.

Ansvar: PL/PM

HA-06: Konkretisere fysiske byggløysingar.

- På bakgrunn av kartlegginga i HA-02 og 03 vert det utarbeida skisse til byggløysing
 - o Kva som kan nyttast i eksisterande bygg av andre enn dei som nyttar desse i dag
 - o Nybygg med konkretisering av romprogram for ulike funksjonar, totalareal, type bygg og bygg-kostnader per m². Detaljnivå tilsvarar skisseprosjekt.
 - o Illustrasjon skisse av bygg og layout.

HA-07: Avklare organisering, drift og eigarskap

- I utgangspunktet er det tenkt at nybygg vert organisert gjennom eit sjølvstendig eigedomsselskap. Eigarskap og finansieringsmodell for dette vert skissert. Bedrifter som skal flytte inn inngår leige kontraktar direkte med dette selskapet.
- Forretningsmodell, organisering og eigarskap i driftsselskap som skal vere ansvarleg for den virtuelle noden og som skal jobbe med utviklingsaktivitetar skal definerast. I denne delen vil ein engasjere ein ressurs frå anna miljø i Norge for læring og kvalitetssikring.

HA-08: Utarbeiding av prosjektrapport.

- Utarbeiding av prosjektrapport med gjennomgang og oppsummering av hovudaktivitetane, samt tilråding for vidare aktivitetar og tiltak.
- Plan for gjennomføring av hovudprosjekt.

Ansvar: PL

HA-09: Prosjektavslutning

- Utarbeiding av administrativ sluttrapport.
- Innrapportering til Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Ansvar: PL

Målgrupper

Som det er vist til i prosjektplanen så har vi fokus på følgjande målgrupper (sjå figuren på s 5 i prosjektplanen):

1. Automasjon og byggklynge på Eid (initiativtakarar)
2. Relevante bedrifter elles i fylket
3. Vidaregåande skular
4. Kommunar og Helse Førde
5. Høgskulemiljø
6. FoU aktørar

Resultat

Forprosjektet er forventa å gje slike resultat:

1. Oppnå ein tydeleg og konkret behovsforståing hos dei ulike målgruppene
2. Definert innhald i den virtuelle delen og tilhøyrande forretningsmodellar
3. Fått etablert kontakt med innovasjonsmiljø andre stadar som ein vil samarbeide med i hovudprosjektfasen.
4. Romprogram og info om husleigeprisar
5. Plan for organisering, drift og eigarskap for hovudprosjekt

Effekter

Hovudeffekten av forprosjektet er at ein får avklare grunnlaget for realisering av hovudprosjekt og korleis dette skal skje.

I neste fase vil dette i såfall leie til at ein får styrka både innovasjonsevna og kompetanseutviklinga blant verksemdene (private og offentlege) som er involvert.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Andre nøkkelpersonar blant prosjekteigarane	144 000	36 000				180 000
Arkitektbistand Nordplan	180 000	40 000				220 000
Prosjektkonsulent Olav Hjelle	170 000	20 000				190 000
Prosjektleiing - Segel	337 500	162 000				499 500
Ressurs frå anna nodemiljø samt reise	56 000					56 000
Styringsgruppe og PA	240 000	90 000				330 000
Sum kostnad	1 127 500	348 000				1 475 500

Viser til vedlagde tids og kostnadsplan.

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Eige arbeid	384 000	126 000				510 000
Kontante midlar	179 750	48 000				227 750
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	563 750	174 000				737 750
Sum finansiering	1 127 500	348 000				1 475 500

Vi viser til vedlagde tidsplan med tilhøyrande kostnad og finansieringsplan for forprosjektet.

Geografi

1432-Førde, 1439-Vågsøy, 1441-Selje, 1443-Eid, 1444-Hornindal, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
Prosjektplan Forprosjekt.pdf	753 947	13.08.2018
Tidsplan forprosjekt FVC.pdf	107 641	13.08.2018